

Våre samarbeidsinstitusjonar

Black Lion Hospital, Etiopia

Samarbeidet med Etiopia starta i 2001 med utdanning av kirurgar og sjukepleiarar innan rekonstruktiv kirurgi/brannskade på Yekatit 12 Hospital. Dei siste åra har fleire avdelingar ved HUS engasjert seg i utdanning og opplæring av helsepersonell ved Universitetssjukehuset Black Lion Hospital (BLH) i Addis Ababa; nevrokirurgi, nevrologi, anestesi, gastroenterologi etc. Samarbeidet mellom BLH og HUS er aukande og BLH tek også imot utdanningskandidatar frå våre andre samarbeidsinstitusjonar.



Kamuzu Central Hospital, Malawi

Samarbeidet med Kamuzu Central Hospital (KCH) i Lilongwe starta opp i 2007 og har hatt fokus på utdanning og opplæring av lokale legar, sjukepleiarar og jordmødre og anna helsepersonell innan fagområda mor-barn, kirurgi/ortopedi, radiologi og patologi



Mnazi Mmoja Hospital, Zanzibar

Samarbeidet med Mnazi Mmoja Hospital (MMH) starta i 2011, og fleire avdelingar frå HUS er engasjert i sjukehuset med opplæring av lokalt helsepersonell; Barneklubben, Medisinsk avdeling, Avdeling for rusmedisin, Kvinneklubben etc. Barneklubben har vore med frå starten av samarbeidet, med fokus på nyfødtdedisin.

Kanti Childrens Hospital, Nepal

Samarbeidet med Kanti Childrens Hospital (KCH) i Kathmandu i Nepal er relativt nytt. KCH er eit barnesjukehus med om lag 350 sengeplassar. Haukeland Universitetssjukehus samarbeider også om blodbanktenestene ved KCH og kreftbehandling for barn.



Strikkeprosjekt

i Afrika

*Tusen takk
for at du hare vore
med og støtta
strikkeprosjektet!*

*Her kan du lese meir om HUS sitt
internasjonale arbeid:*

www.helse-bergen.no/internasjonalt-samarbeid

Nyfødde mistar mykje varme gjennom hovudet. Dei premature og dei som må liggje i kuvøse treng også luene for å halde på varmen. Vi har motteke tusenvis av strikka baby-luer, sokkar og teppe til bruk på nyføddavdelingane på sjukehusa vi samarbeider med. Barna får med seg plagga når dei reiser heim så vi treng stadig meir varmt tøy til dei nyfødde.

